JENS TVEDT

„KRAAKA"

KRISTIANIA 1909 :·: OLAF NORLIS FORLAG

JENS TVEDT

„KRAAKA“

JENS TVEDT

„KRAAKA“



KRISTIANIA
OLAF NORLIS FORLAG
1909

Prenta hjaa Nikolai Olsen.

Dei som spelar:

AASLAUG med træle-namne KKAAKA.

HEIME

AAKE }
GRIMA } mann og kjerring paa Spangareide.

RAGNAR SIGURDSSON, konge av Danemark.

HAUK hermann.

KALV }
BRAND } matsveinar.

GAUTE jarl }
BJØRN HØGSKALLE } hovdingar hjaa kong Ragnar.

Hovdingar og hermenn.

Fyrste bolken gjeng fyr seg i stova paa Spangareide.
Andre bolken paa tune tolv aar seinare, tidleg um sumaren.
Tridje bolken dagen etter paa ein strandvoll.
Fjorde bolken um hausten og i stova paa Spangareide.



Fyrste bolken.

(Gamall laag sperrestova med rund-øksa timber i veggjerne. Tvo dører jamsides paa utarste veggen. Den til høgre gjeng aat kòven; ho er heil og attléti med krok. Den andre er til gangen; ho er laga i tvo halvdører, og den øvre stend opi, so ein ser ut i myrke gangen. — Aare midt paa golve. Attmed aaren stabbe og øks, og so eit par krakkar. — Paa *vinstre sida* er det paa veggen utar med døri ei hylla med kollor, kjengjor og svarte tréfat. Paa langveggen ein benk. Under den ligg emnings-véd, trésko og ymse andre ting. — Paa *høgre sida* lengst framme ei høg stolpeseng med krakk framfyre. I utarste kraai eit stort kjèr. — Róte er full-lødt med hoggen véd.

Det er skymt i stova. Ute blæs det.

Grima, eit ljott, uhamslegt kvende sit paa aarepallen under ljoren og bøter ei brok. Ein hund gøyr illherveleg utanfyre.)

GRIMA

(ser imot døri og lyder).

Kva tru det er rakken tekslar paa? — Det lydest mest som han vêrar framandt folk. Men no burt imot kvelden? — og i dette vêre? (Ei vindflaga rister huse). Me hev visst ei hard natt i vente.
(held broki upp og ransakar etter hol.)

(Utedøri gjeng upp, og inn i gangen kjem Heime. Han er ein røseleg kar med langt graatt haar og skjegg. Hatten vid, kaapa flyssut. Han hev stav i hand, og paa ryggen ei svær harpa med uvanleg stort songhus. — Han lèt upp halvdøri og kjem inn i stova, lét att etter seg og er noko sein i snuen.)

HEIME.

Heil og sæl, kvinna! Alvar og diser varne folk og fé under denne toka! — Er du husfrøya her?

GRIMA.

Skulde so vera. Men ingen gav meg endaa anna namn en Grima. — Kven er den mannen som ferdast ute i slikt hauste-vêr, so langt lidande? (Ser ransakande paa han.)

HEIME.

Heime heiter eg, og er harpespelar. Langt hev eg gjenge, og folk raaka eg ikkje, so eg trudde eg var paa villstraa komen. Men endeleg vavra eg meg fram til denne einstaka garden. — Vil du gjeva meg husrom til natti, Grima?

GRIMA.

Visst vilde eg ikkje neitta vegfarande folk hus yver hovude ein slik kveld. Men han Aake, mannen min, er ute, so eg veit ikkje anten eg torer elder ei. (Ho ris upp, legg arbeide paa krakken og gjeng utar imot han.)

HEIME.

Ei husfrøya er daa sjølv den som fyr huse raar naar husbonden ikkje er heime.

GRIMA.

Han er aabrudig, skal eg segja deg. Og sovorne karar er ikkje greide aa dra'st med.

HEIME
(lær).

Aa, folk i min alder, Grima, dei spaknar i elskhugs-saker. Meg tarv han ikkje ottast. (Han tek harpa av ryggen.)

GRIMA.

Elden kan lenge under oska aula. Det er likt til aa vera nerk endaa i deg, um du er gamall. So du kunde vera trudd til litt av kvart. Langferda folk veit ein ingen ting um, og Aake minnest korleis kararne hekk etter meg i mine unge aar.

HEIME.

Du ser meg ut til aa tola ei brosa, so du kan sagta hysa meg, um du elles hev hjarta til det. Mat treng eg ikkje, men eg er frostall og trøytt, so eg lyt be' um verme paa aaren og ei kraa til aa kvila i.

GRIMA.

Set deg innar daa, so skal eg nøra upp.
(Ho gjeng til aaren og grev i oska, legg fliser og véd ovanpaa HEIME sèt seg paa benken med harpa framfyr seg og ser til.

Daa elden lògar upp, flytter han seg burtpaa aarepallen. Harpa hev han med seg. Han varmer og kosar seg, med' han ender og gong klunkar litt paa strengjerne. Det glimtar ein diger gull-armring under kaapa, og under lòke paa harpekassen glytter det fram ein snipp av eit gullstika klædeplagg.)

GRIMA

(innar imot sengi, der ho grev fram ei bot.)

Det er nok ingen fark som fyrst eg trudde. Ikkje er den mannen so arm som han er flyssut til! (Skjeglar etter han.) Det kunde vera anna til husbond en den aurmakken min! (Gjeng fram til aaren og sèt seg til aa sauma boti paa broki.)

HEIME

(ser burt paa henne.)

Kva heiter garden her?

GRIMA.

Aa det er no ingen gard aa rekna fyr. Me er berre fatigfolk, so det er 'kje meir en me bergar liv i nokre kyr og ein flokk smaafé. Elles kallar folk det *Spangareide*.

HEIME

(etter han hev klunka paa harpa.)

Og der ute som Raans-døtterne leikar so lystigt i kveld, kva heiter det der?

GRIMA.

Er det utanum holmarne, utfyr nese du meiner, so kallar dei det *Lidandesnes* der. Men eg

hev aldri ferdast so langt ute at eg veit korleis der er vóre.

HEIME.

Han er rusken um Lidandesnes i kveld!

GRIMA.

Det er trulegt det, naar me kjenner han so fjerre her.

HEIME.

Det berst meg fyre at det kjem til aa spyrjast eitkvart etter denne natti.

(Liti togn. — Han klunkar paa harpa).

GRIMA.

Men seg meg: Kvar kjem du ifraa, og kvar etlar du deg av?

HEIME.

Eg kjem austantil. Heimlaus og frendelaus vankar eg fraa bygd til bygd og freistar live som det kan falla. No vilde eg gjesta kongarne nordanfyre og spela i veitslorne deira.

GRIMA.

Kan du koma til med det, so fell det vel litt av. Men elles maa det vera ei ring foda som ein snultrar seg til — med ei harpa.

HEIME.

Aa ja, feitt er det 'kje alltid. Men fykande fugl fær noko, ein sitjande inkje.

GRIMA.

Du hev 'kje alltid vanka med harpa, veit eg?

HEIME.

Nei, i min ungdom fór eg i viking. Det var *liv* det, Grima! (Leikar paa harpa og gjev seg til aa kveda:)

Vide eg vanka
i vikingferd.
Paa hav eg herja
som hovding gjæv
fyr fagert fylgje
av frihuga menn.

Eg fyr dei alle
var aren fræge:
(vill:) *Eg kloi kvesste*
i konge-rygg,
og Ygg fekk offer
som age gav!

(Imot Grima:) *Git-ord daa gjekk det*
av gjæve kjempa
som heider henta
i Hildurs leik,
og kvinnor kviskra
i kraa hans namn.

GRIMA.

Daa slo du deg vel til ro og tok eit kvende til aa stjorna fyr deg?

HEIME.

Ja, daa gav eg meg i ro — ei tid. (Legg véd paa vermen so han logar godt upp.)

GRIMA.

For du hadde vel grave nytteleg til deg, naar du hadde so godt høve? Og du er vel ikkje reint snaud endaa, tenkjer eg?

HEIME.

Lett fenge er snart gjenge! No er heile min rikdom ei harpa og ein stav.

GRIMA.

Daa hev det vore laak styremaate i ditt hus!

HEIME
(nikkar og geispar.)

Orsaka meg husfrøya! — eg er svevnug.

GRIMA
(ser seg i kring.)

Eg kunde sagta bera inn ein halmdott aat deg her i stova.

HEIME.

Frøy løne ditt gode hjarta!

GRIMA.

Men Aake drygjer, ser eg. Naar han kjem, skal han ha mat. Og me plar dertil ha den vanen at me ligg og tratlast utetter natti — baade um eitt og anna.

HEIME.

Eg hev eit godt sovehjarta, Grima!

GRIMA.

Nei det vert ikkje ro fyr deg her. Betre er det at du søv ut i høysvali. Der er det ingen som uroar deg.

HEIME.

Du er umtenkt du Grima!

GRIMA

(med ein sleisk smil.)

Eg plar vera det. (Ho ris upp, legg arbeide ifraa seg paa krakken og kveikjer ei tyriflis.) — Kom no, skal eg syna deg vegen!

HEIME.

Du maa agta deg med vermen i dette vêre!

GRIMA.

Du tarv 'kje ottast! Eg vil berre lysa deg

so du finn døri, og so lyt du sjølv rettleida deg i svali.

HEIME.

Takk og æra! — eg skal nog det.

(Han tek harpa og stav, og dei gjeng ut. Grima fyrst. Ho vert standande utfyr døri, so ein ser atti henne. Heime kjem straks burt i myrkre.)

GRIMA.

Sjaa der ser du døri. (Held tyriflisi ut ifraa seg og peikar.) Svali er full av høy, og lèt du att etter deg, kjem du sagta ikkje til aa frjosa der.

HEIME.

Takk og æra!

(Grima inn att, sløkkjer tyriflisi og lèt att dørerne. Gjeng innar yver golve, skubbar seg ufagert og grundar.)

GRIMA.

Det var gull. Tydeleg var det gull ja! (Ho ser imot døri.) Hadde eg det som er gøymt i harpekassen eg!

(Gjeng burt og sèt seg paa aarepallen og stirer rett framfyr seg.)

Eg lyt ha klo i det! (Trivlar grisk med handi; haast:) Eg vil! (Stirer som fyrr.)

Men tru korleis eg helst skal fara aat?

Det hev vore ein staseleg kar i si velmagt. Og ingen krusling er han no helder. (lær.) Hadde

eg so sant von um at han stogga her, som det var hugnadbyte i slik ein boste!

(Ute tekslar hunden som naar det kjem kjensfolk.)

No kjem endeleg Aake, lydest det. Det var 'kje for tidlegt helder.

(Hunden yler, langt og stygt. Grima slær seg paa knée med knytt neve og nikkar.)

Her er feig mann i tune, — kven det so meir er!

(Ein høyrer raml utanfyre. Utedøri vert uppléti og attklemd. Hunden gøyr i gangen, fær ein spenn og kvinkar. — Aake lèt upp døri og kjem inn. Det er etn liten, kruslen kar, skjegglaus. Han er klædd i skinn: koll-huva, sidt oksleskinn, leistabrok; fæle trésko paa føterne. Belte um live, og slidrekniv paa høgre sida.)

Grima.

So du etla deg heim denne kvelden med! Det var vel du hadde vit til aa koma utan aa verta henta.

Aake

(inn-arg).

Du saag vel helst at du var kvitt meg. Men kven skulde du, di lat-merr, faa til aa træla fyr deg daa? (Tek oksleskinne av og slengjer det burti benken. Under hev han ei flyssut ullskjurta.)

Grima

(lær hynte.)

Aa meg skulde det so visst ingen ting vanta. Det er ikkje nauvt um ein karmanns-trave fyr eit fermt kvinnfolk, far min!

Aake.

Det skulde mange sjaa syn med deg! — Kvar hev du kveldsmaten?

Grima.

Nei du vil vel ikkje ha mat, veit eg! Sidan det einast er du som gjerer noko her i tune, so trudde eg du sytte fyr maten sjølv. *Eg* hev ingen mat aat deg.

Aake

(imot henne, rasande.)

Aa ditt ræ-vette, di aate-skraa! Du tenkjer berre paa aa fylla di eigi vomb! Her skal eg bala fraa graalysingi til svarte kvelden som ein maur og ein makk — og slita helsa av meg paa alle vis, men ikkje vera unnt eit maal mat naar eg kjem utsvolten heim!

Grima

(med henderne i sida.)

Unner eg deg ikkje maten, segjer du? Var det ikkje du som fekk med deg den store graut-ambaren? Hadde ikkje eg koka han aat deg og funne mjølki til rettes, med' du laag røytte deg i sengi? Og var eg ikkje i aasen til deg med kjøtmat, spør eg? — Eitt minre slepar du en eg som lyt sjaa alt til rettes baade ute og heime,

og ingen likare hjelpesmann hev en deg din unaaslege tase, som aldri endaa hev gjort eit karsverk i di verdige tid!

AAKE
(spak.)

Kva vilde du med meg daa?

GRIMA.

Litt manns-ferd trudde eg det kunde vore i deg — sume tider. Og du veit sjølv kor sli du var etter meg, du som dei hine.

AAKE.

Dei hine? Eg saag ikkje fleire som spøynte etter deg, daa en no eg!

GRIMA.

Det var godt fyr deg det! Men eg kunde kviskra deg i øyra eit ord som sette støkk i deg, um so eg vilde.

AAKE
(sèt seg paa aarepallen.)

Gjev meg helder ein grand soll, er du gild!

GRIMA.

Soll skal du faa! (Smeiki:) Trur du eg vil neitta deg noko naar du bed um det paa folkevis?

(Ho gjeng aat hylla etter soll-fate og skeier, sèt seg med fate i fange paa ein krakk framfyr Aake, og dei gjev seg til aa éta.

So brusar det ein harpeslaatt gjenom huse. Aake slepper skeii og stirer med open munn — fyrst imot døri og so paa Grima. Ho berre nikkar, og baae vert sitjande og lyda til slaatten er ende.)

AAKE.

Nei men kva var dette du?

GRIMA.

Det kom ein ferdakar her i kveldingi og fekk leggja seg ut i svali. Han drog paa ei harpa og var spelemann, sa han.

AAKE.

Mi sann kvapp eg so hjarta kippar endaa!

GRIMA.

Kalvehjarta! Var det til aa kveppa av? Men han munde ikkje vera so svevnug som han lét til, naar han no gjev seg til aa spela. (Stryk med fingren kring matfate; sleikjer av han.)

AAKE.

Det var vænt aa lyda til. (Rapar.) Var det ikkje, totte du?

GRIMA.

Hadde eg helder det som er *i* henne, eg!

AAKE.

Kor daa? Kva i?

Grima.

I harpa, tosk! Ho er full av gull og kostesamt ty.

Aake.

Harpa, segjer du?

Grima
(nikkar.)

Det er eit songhus so stort som so — (mæler til.) Og han hadde eit godt lyfte daa han gjekk med henne, saag eg.

Aake.

Maa vera noko til harpa det!

Grima.

Hadde eg berre havt kva som *i* henne er! — segjer eg endaa ein gong.

Aake.

Men — æ — saag du ned i henne daa?

Grima.

Han slepte henne ikkje or henderne ein augneblink. Men eg hadde mine merkje korso, eg.

Aake
(rister paa hovude, sleikjer skeii og rapar.)

GRIMA

(bøygjer seg imot han, haast.)

Det var gull i harpa. Gull like under lòke. *Gull*, skynar du!

AAKE.

Ja. Det maa vera tungt aa bera paa.

GRIMA.

Hadde det vore vaart, du!

AAKE

(lær likesæl.)

Vaart? Eg hev aldri aatt so mykje gull at eg kunde gjort meg ilt paa auga med det.

GRIMA

(fast.)

Men du kunde faa. (Sèt matfate ifraa seg paa ein krakk.)

AAKE.

Eg veit ikkje kvar det skulde koma ifraa!

GRIMA.

Det er nøgdi av det — ut i høysvali. Du skulde set ringen han hadde kring armen under kaapa. Berre den maatte freista deg. Og kom i hug: fullt songhuse attpaa!

AAKE.

Ja kva daa?

Grima.

Var det manns-ferd i deg Aake, so sat du 'kje der som ein byting!

Aake.

Kva er det du vil meg?

Grima.

Treiv du til og var mann ein einaste gong i ditt liv, so turvte du ikkje leda deg meir til nokon ting. Var me rike, Aake, so kunde du liggja all dagen, um so du lyste. Slapp slita paa sjøen i snødriv og kaldvæta etter fatige fiskeliv. Elder bala i skogen som no du gjerer. — Huskarar kunde du halda og liva herreliv, kong Aake aa Spangareide!

Aake.

Gulle hev gjort deg gali, Grima. Ein galdresmed hev songe runor yver deg!

Grima

(upp).

Høyrde du ikkje at hunden ylte? Me hev feig mann i huse, Aake! — Tak øksi! Kva tvikar du etter, træl?

Aake.

Sovande mann skal ein ikkje svika. Ferdamann skal du fagna, og gjest fylgja til jordskil. — Eg gjerer det ikkje!

GRIMA.

Hugsa det er feig mann i huse. Vil du sjølv traska Hel-vegen i natt, so trøytt som du er?

AAKE
(upp, rædd).

Kva meiner du?

GRIMA.

Eg vil ha ein mann som hev gjort manns verk. Heime hev fare i viking og samla gull og æra. Vil eg ha han, kan eg faa han. Og so er gulle mitt! (Imot han. Aake attaugut; ho etter). Drep du ikkje Heime, so klyp eg knappen av deg som du var ein brisling! (Gjerer teikn som naar ein avhovdar smaasild med fingrarne.)

AAKE
(triv øksi paa stabben og lyfter henne.)

Du var verd eg tynte deg, turse-tryne!

GRIMA.

Bruk øksi der betre det høver! Det er 'kje noko karsstykke aa kløyva hovude paa eit verjelaust kvende.

(AAKE lèt øksi siga. GRIMA gjeng utar imot døri, lèt upp og lyder.)

GRIMA.

Han søv so fast som ein stein. Eg kan høyra han ryt.

AAKE

(stig or treskorne og gjeng med øksi i hand imot døri.)

Gakk fyre og lat upp svalsdøri.

(GRIMA ut, AAKE etter, men tvikande. — Eit bil tomt tile. — Det gjeng ein elding, og tora slær.
So kjem baae fort inn att, AAKE med øksi i hand.)

AAKE

No er det gjort!

(Ny elding og toreslaatt. AAKE sig ned paa ein krakk og stryk seg med handi yver skallen. GRIMA ser haadleg paa han.)

AAKE.

Det var hard hause paa kar. Nett som stein, so det gneista under øksekjeften. Men eg skal vaaga han fekk nog med siste hogge. Øksi sat so fast som ho stod under auga i ein eikekubbe.

GRIMA.

Det var manns hogg, Aake. Men kom no og hjelp meg med harpa.

AAKE.

Gjev meg ei skaal vatn fyrst.

GRIMA.

Du veit kvar vatsbytta stend, so du kan ta deg vatne sjølv.

AAKE

(med øksi i hand, imot døri, men vender att.)

Hent det til meg du! Og lat att svalsdøri med same.

GRIMA

(speande.)

Veiknar du alt, kong Aake? (Gjeng ut i gangen. Kjem inn att med ei vats-ausa.) Drikk og manna deg upp att, og ver ikkje slik ein kruk!

(Ho nører vermen, med' AAKE drikk, skjelvhendt, og sèt ausa ifraa seg. — So gjeng dei ut. Kjem so inn med harpa imillom seg. Stengjer dørerne. AAKE sèt seg paa aarepallen og turkar sveiten.)

GRIMA

(i lag med harpa.)

Kom her med øksi. Eg fær 'kje upp lòke.

AAKE.

Det er vel læst med runor, og daa fær me det aldri upp, kan du vita.

GRIMA.

Upp skal det, um so runefår sjølv sat umskrevs paa lòke! — Gjev meg øksi! (Triv etter henne.)

AAKE.

Nei *eg* skal!

GRIMA.

Far varleg daa!

(AAKE sèt øksekjeften innunder lòke og bryt det upp.

Ei smaagjenta — 6—8 aar gamall — med fagert gult haar, fint klædd, spring fram or harpa og ser seg undri i kring. AAKE dett aa ende og misser øksi.)

GRIMA

(slær henderne i hop yver magen.)

Du styrande allfader! — kva er dette?

AAKE
(upp aa kné).

Sjaa no kva du fekk!

GRIMA.

Kven si liti gjenta er du morr?
(Barne vender seg ifraa henne.)

AAKE.

Svarar du ikkje, unge, naar vakse folk spør deg?

GRIMA
(gjerer seg blid.)

Kvar kjem du ifraa, og kven eig deg, gullabarn?

AAKE.

Ho hev ikkje lært aa tala, bytingen!

GRIMA
(til barne).

Skynar du meg ikkje? — elder vil du ikkje svara meg?

AAKE.

Ungen er maallaus, er det likt til.

GRIMA.

Mi sann er ho so. (Nikkar til Aake.) Og tungelaust vitne skal ikkje fortala seg.

AAKE.

Trur du ikkje eit hovudlaust er tryggare?

GRIMA.

Naar det ikkje røyner, er du moda nog!

AAKE.

Kva skal me *med* henne daa?

GRIMA.

Fostra henne. Me var 'kje so fjerre folk at me fekk barn sjølve. Ho kan koma vel med og vera til ei rettleiding paa mange vis.

AAKE.

Men naar folk undrast og fregar etter kvar me hev henne ifraa?

GRIMA.

Me kallar henne *Kraaka* etter mor mi, og gjev henne ut fyr vaart eige barn, kan du vita.

AAKE

(rister paa hovude.)

Det vil ingen tru at so usjaalegt kvende hev so fagert eit barn.

GRIMA

(blæs.)

Kven veit kva blomevangar *eg* hadde i mine unge aar? — so fyr den del kan nog eg verta

teki fyr mor, men vandt um dei held deg fyr faren, di skjeggløysa!

AAKE.

Men dei vil undrast yver haar-dæme.

GRIMA.

Haare — det klypper eg av henne, og kliner furekvaade i roti. Fær ho dertil høveleg bunad, so tenkjer eg mest at megga skal 'kje sers vanslegtast paa mor si!

AAKE.

Lat oss sjaa daa kva som meir det er i harpekassen!

(I det same gjeng det ein svær elding, og ein sterk toreskrell rister huse. Dørerne spring upp, og ein ser HEIME med lyft arm i opningen; han er bleik og blodut, med eit fælt saar i skallen.

GRIMA skrik yver seg, men AAKE dett i uvit. — Ein ny elding lyser klaart upp, og tora slær. HEIME sig attende.)

— Duken ned. —

Andre bolken.

(Gardstune paa Spangareide. Utsyn imot have med kvite nakne holmar. Bø nedetter imot strandi, men bergknattar paa sidorne.

Til høgre ei laag stova med torvtak og brunsteikte veggjer. Glugg i veggen. Dør som er til aa lata upp i tvo. Framfyre døri ein hellebenk. Attum stova er løda og fjos. — Husi digt til nedfalls.

Til vinstre eldhuse.

Det er væn sumardag med sol yver stillt hav.)

GRIMA

(kjem ut or stova, ser i kring, ropar:)

Kraaka! — Kraaka!

AAKE

(fram fyr eldhus-novi. Han hev kipa paa ryggen, er klædd i skittgraa ullskjurta og svartbrun stuttbrok; berrføtt; næverhatt paa hovude.)

Kva er det du gaular etter?

GRIMA.

Er det 'kje denne gjentungen! Ho veks meg snupt yver hovude. No lyt du ta ein grand kvast i, du som mann skal vera.

AAKE.

Raa'r 'kje du med henne, so magtar rett ikkje eg det. (Sèt kipa paa hella og snyter seg.)

GRIMA.

Hev du fenge nokre liv som det er mun i?

AAKE.

Det er slik gror i sjøen, og daa bit ikkje fisken. Smaatt med agne var det òg.

GRIMA.

Men fekk du ingen ting paa garne?

AAKE.

Jau den granden eg hev, den fekk eg paa garne. (Tek nokre fiskar or kipa og gjev seg til aa verka dei.)

Kvar er det vorte av Kraaka?

GRIMA.

Ho nemnde herskip ho vilde ned i haugen og sjaa etter. Du veit det gjeng henne alltid sovore i hovude: Kongar og hermenn og skip.

AAKE
(flin.)

Eg spaar det er mannfolk ho vêrar etter! Og det er nøgdi av dei no under land. I Djupe-

viki ligg det mange skip, og det aular med hermenn paa dei alle.

GRIMA.

Naar er *dei* komne?

AAKE.

I natt. Eg tenkjer meg til at det var stilla og straumen som gjorde at dei la seg til der. Eg laut endaa syna dei kvar det var djupt nog til aa koma til lands.

GRIMA.

Gjeve kvar ei skuta hadde male seg paa hamrarne, so det kunde eitkvart reke til lands som fatigmannen saag seg mun i!

AAKE

(lær.)

Vilde det koma eit kvast innkast, so er ikkje Djupeviki greid, og daa kunde det ymse laga seg. — Men yss! — sjaa der kjem det framande!

GRIMA

(vender seg og ser imot vinstre.)

Ja rettigt gjerer det so! Og det herfolk attpaa. Og eg som ser soleis ut! (Skundar seg inn.)

AAKE.

Det er best eg bergar fisken! (Kastar han uppi kipa, gjeng inn og klemmer dørerne att etter seg.)

(Fram or bergknattarne kjem det ein hermann op tvo matsveinar. Dei hev hitar paa ryggen og gjeng fram paa tune. Stoggar.)

KALV MATSVEIN

(slengjer hiti paa hellebenken.)

Her ser vesalt ut. Kan aldri tru me fær bakstervelder her.

HAUK HERMANN.

Du er alltid so vandsam, du Kalv! (Til hin:) Sèt hiti av deg, Brand. Ho hev vel ikkje grott fast paa ryggen!

(BRAND sèt hiti jamsides den andre.)

HAUK

(bankar med øksi i veggen.)

Holloi godtfolk! Kan me faa tala eit par ord med dykk?

AAKE

(lèt upp øvre halvdøri, ser ut.)

Er framandt folk ute og ferdast i godvêre?

HAUK.

Er so ja! Me hadde det ærend at me vilde høyra um me fekk baka litt braud her.

AAKE.

Berre det var raad med det, so veit du det kunde alltid laga seg — soleis.

HAUK.

Det er snildt du ikkje vil neitta oss!

AAKE.

Aa det vilde vel lite nytta um eg det gjorde. Den som magti hev, han tek seg til rettes, kva so minremannen segjer elder ei.

HAUK

(lær.)

Der sa du eit sant ord, bonde!

KALV.

Og so laanar du oss kvendi til hjelpes.

AAKE.

Eg skal spyrja. (Inn.)

(Hauk spantar i kring paa tune, men matsveinarne sèt seg late ned attmed hitarne og geispar.)

GRIMA

(fram i døri. Ho hev fjelga seg ein grand. Blid:)

Jau I skal faa baka, — det skal I sagta! Gakk burt i eldhuse, so nører mannen min verme upp og lagar til rettes. Sjølv er eg krank til helsa og kan ingi rettleiding gjera. Men hadde dotter mi vore heime, so kunde ho hjelpt til.

(Snur seg og ropar inn til Aake.)

Kvar vert det av deg som skulde koma med troge?

AAKE.

Tokka deg, no kjem eg. (Ho flytter seg or vegen.) Ein kan 'kje fljuga helder!

HAUK

(til matsveinarne).

Tak ei hand i troge, karar! Me lyt kvika oss: Kongen er braa, veit de!

(AAKE og matsveinarne ber troge aat eldhuse. GRIMA inn i stova. — AAKE og BRAND gjeng att og fram millom stova og eldhuse og lagar til. AAKE hentar verme; BRAND ber vatn. KALV er i eldhuse. — HAUK spantar av og til og ser etter. Ein gong imillom ropar han: «Driv paa, karar! Driv paa!»

KRAAKA syner seg eit par vendor millom bergknattarne til vinstre, men vaagar seg ikkje fram. Um ei stund gjeng HAUK inn i stova. Daa nyttar ho høve til aa springa fram imot løda, der ho stikk seg attfyre.)

HAUK

(ut or stova, dragsande med harpa. Møter AAKE.)

Nei kvar hev du denne ifraa, bonde?

AAKE

(fjamsen.)

Det — den — æ — ho hev slonge her i langsamelege tider.

GRIMA

(fort ut.)

Me fann skramle ned i strandi.

AAKE.

Ja, me fann det i flod-maale. Etter ei stormnatt.

HAUK

(furdar paa harpa,)

Eg kunde mest tenkja at ikkje de spela harpa.

AAKE.

Er det sovore du? — til aa spela paa? (Ut til eldhuse.)

GRIMA
(liksom forviti.)

Nei kan ein spela paa slik ei grind? — daa lyt eg verkeleg undrast!

HAUK
(klunkar).

Hadde det vore nokre fleire strengjer, so skulde de høyrt det var laat i henne, — slikt eit songhus som det er paa denne!

GRIMA.

Ho hev aldri vore onnorleis, sid' ho kom i vaart hus. — Var det *harpa* du sa det var?

HAUK.

Ja. (Burt imot eldhuse). Driv paa, karar! Soli skrid, og kongen ventar.

KALV
(fram, turkar sveiten.)

Ein kan 'kje meir en arbeida. Og eg kjenner den som minre hev slite i dag en me!

HAUK

(bystar seg.)

Murkar du, matsvein?

(KALV inn att i eldhuse.

KRAAKA kjem i det same ut or stova. Ho er klædd i grønt liv og svart stakk; berrføtt. Det gullgule haare fløymer ned yver ryggen og rekk mest i marki. — HAUK vert vis med henne og stirer maallaus eit bil, med' GRIMA attum ryggen hans hyttar illsleg til KRAAKA).

HAUK

(vender seg til Grima.)

Det er vel ikkje dotter di dette?

GRIMA.

Visst er det so jau! (fram imot KRAAKA.)

HAUK.

Aldri saag eg so fager ei møy!

(Baae matsveinarne fram og stirer paa henne.)

GRIMA.

Uliklege ting! Korleis er det du spjaakar deg til?

KRAAKA.

Ein lyt daa litt hama seg, naar det er framandt folk i tune.

GRIMA.

Gjera deg til fyr karfolk, det kan du. Men vera til nytta, det vil du ikkje!

KRAAKA.

Eg skal hjelpa til med baksteren, dersom framandkararne tykkjer dei treng nokor hjelp.

HAUK.

Det var snildt um du vilde, for me er digt onnuge. — Tak augo til dykk, karar, og gløym ikkje arbeide!

(KALV og BRAND inn att i eldhuse. KRAAKA etter.)

AAKE

(ut or eldhuse.)

No er hellorne heite, og so greider de resten sjølve. (Han ruslar burt imot løda og kverv burt.)

HAUK

(ser imot eldhuse.)

Ho hev laga braud fyrr, den megga, er det likt til!

GRIMA.

Eg hev sagta halde henne til, so ho maa eitkvart kunna.

HAUK

(nokre stig imot eldhuse.)

Kva heiter du?

(Kraaka tegjer.)

GRIMA.

Ho heiter Kraaka — etter mor mi.

KRAAKA sitt maal:

Det er 'kje sant!

GRIMA.

Er det kje sant? (Sinna:) Vil du gjera mor di til ljugar no? — Eg maa vel best vita det, eg.

HAUK

(til Grima.)

Men korleis kan du som er — — du som er so skrukkut og svartdæmd, ha so ljosleitt og fager ei dotter?

GRIMA.

Hadde du set meg i mine unge aar, so hadde du vel minre undrast paa det. Kvit daam og haal hud er ei ryr vara.

KRAAKA

(lær.)

Berga braude, no brenn det!

HAUK

(rister paa hovude.)

Aari gjerer sagta sitt. Men likevel er det utrulegt.

KRAAKA

(ut or eldhuse, med uppbrette ermar)

Du skulde helder sjaa til kararne dine en gissa gaator som gjeng yver ditt vit.

HAUK.

Du er kaut paa det du!

GRIMA.

Aa ho er so ulikleg at du kan aldri tru det!

KRAAKA

(inn att.)

Berga braude, høyrer de! — elles brenn det!

HAUK

(svingar øksi.)

Er so de ikkje — — (inn i eldhuse.)

GRIMA.

Eg trur snupt dei er tryllte eg! Vaksne folk fara soleis med maten at han ikkje vert étande.

KALV

(ut or eldhuse, imot Grima.)

Visst er det utgjort. Men det er di skuld: Du hev vonde augo. Gakk burt, elles steikjer me deg!

GRIMA.

Gjeve kvar braud-mòlen vart kòl i din munn!

(Inn i stova, slær dørerne att.)

(KALV inn i eldhuse. Ut der ifraa kjem KRAAKA med HAUK etter seg.)

HAUK.

Hev du ingen bidlar, so tek du vel meg? (Vil ta i henne).

KRAAKA

(slær han yver handi.)

Agta paa sveinarne dine, og lat meg vera!

HAUK.

Aldri hev eg set so væn ei møy som deg. Men du er vel kaut paa det. Ein hermann er ikkje til aa blaasa aat. Fager bunad av fint ty kunde du faa og vanka i kongs-tun, um du vart mi husfrøya.

KRAAKA.

Ei træle-dotter kunde du daara med slik tale. Seg meg helder eitkvart um kongen din!

HAUK.

Kongen? Kva kjem eg i hug um kongen, naar eg ser paa deg!

KRAAKA.

So tak augo til deg! (Vil gaa.)

HAUK.

Nei gakk ikkje! — eg bed deg so mindeleg. Eg skal gjera alt du vil.

KRAAKA.

Kva heiter kongen din? Er han ung elder til aars? Kvar kjem han ifraa, og kvar reiser han?

HAUK.

Kongen min er Ragnar Sigurdsson av Danemark. Han er ung av aar, men hugsott hev gjort han gamall fyre tidi: Han kan 'kje gløyma si dronning, den fagre Tora Borgarhjort.

KRAAKA.

Sveik ho han — fyr ein annan?

HAUK.

Nei ho døydde. Etter den dag vart Ragnar Sigurdsson myrk i hug.

KRAAKA.

Var ho so fager, denne Tora?

HAUK.

Ho var det fagraste kvende eg hev set, — fyrr eg saag deg.

KRAAKA

(smiler.)

Er han ein megtig konge?

HAUK.

Den frægaste i nordlandi. Ingen kan mæla seg med han, og ingen kan staa seg imot han.

KRAAKA.

Og korleis er han — elles?

HAUK.

Kvinnor vert tryllte og menner moda naar han ser paa dei. I elskhug var han heit og braa, men no vil han aldri sjaa eit kvende fyr augo. Stusslegt vert det i kongshall naar hugsott kjem i høgsæte.

KRAAKA.

Men er han ikkje no ute i herferd? Daa hev han vel rista sorgi av seg?

HAUK.

Med naudi det. Hovdingarne lagde raad upp og tala so lenge og vel fyr han, til han manna seg upp og gjekk i viking. Han hev etla seg til Engelland, men straum og vind hev vore sers meinslege til denne tid. No kom me inn i svartestilla. Eg veit ikkje kva som er verst fyr den som traar etter heider og herfang. Men etter eg saag deg, vilde eg ynskja me aldri kom her ifraa.

KRAAKA.

Det undrar meg ikkje at kong Ragnar sende *deg* i land med matsveinarne sine!

HAUK.

Kva meiner du med det?

(KALV og BRAND or eldhuse med deigtroge millom seg.)

KRAAKA

(lær.)

Naar du kjem att ende til kongen, fær du kan henda viljen din! (Peikar paa braude i troge.) Lite vand maatte den vera som vilde éta slikt braud. (Gjeng inn i stova.)

HAUK.

Alle vonde vette er lause i dag! Skulde du ha set so gale!

KALV og BRAND

(i munnen paa einannan.)

Ja tydeleg er det utgjort!

HAUK.

De kjem til aa dingla under raa-nokken baae tvo.

(Matsveinarne hev braude upp i hitarne.)

KALV.

Eg vonar det vert alle tri. Skal det bera ned og nord, so vilde det vera gildt aa ha so gjæv ein kar i fylgje som deg Hauk.

HAUK

(lyfter øksi.)

Hædar du meg, sender eg deg Hel-vegen straks!

KALV

(spring til leds.)

Du vil helder gaa med braude aaleine og ta heile skuldi paa deg?

HAUK

(spak.)

Aa nei det er vel best me held i hop og hyttar oss so godt me kan. Driv paa, og lat oss koma i veg!

BRAND.

Ja naadig skal kongen ikkje verta. Men kven kan haatta sitt arbeid naar ein vert hildra av eit slikt syn!

HAUK.

Me lyt skulda paa det, og segja som sant er. Men det er vel liti von um at det vil hjelpa.

(Dei tek hitarne paa ryggen og gjeng fort ut same vegen dei kom, — matsveinarne fyre, HAUK etter.

Naar dei er burte, kjem GRIMA fram i døri og ser seg i kring. Hinkar burti eldhusdøri og att ende; rister paa hovude og stryk seg um nosi.)

GRIMA

(ropar inn.)

Kraaka! — kom her!

KRAAKA

(fram i døri.)

Var det meg du vilde eitkvart?

GRIMA.

Det var so. Det er daa vel at du endaa kannast med namne ditt!

KRAAKA.

Var det 'kje anna du vilde meg?

GRIMA

Jau du skal rettleida etter desse farkarne.

KRAAKA.

Det kan du sjølv gjera. Eg er ingi trælterna.

GRIMA.

Torer du neitta naar eg segjer du skal?

KRAAKA

(nikkar, snur seg og gjeng roleg inn.)

GRIMA.

Aa du styrande allfader! — kva skal ein gjera med den uliklege gjentungen! (Ropar:) Aake! (Ser seg i kring; ropar:) Aake! — Kvar tru no han hev gjort av seg? Dei veks meg yver hovude alle, etter eg vart so vesall til fots. (Burtfyr stovenovi og ropar imot løda:) *Aa-ke!* (Gjeng or syne.)

Kraaka

(kjem ut paa tune. Ser eit bil imot have. Vender seg mot aaskodarplassen; hektar henderne yver bringa og ser drøymande fram fyr seg.)

Ragnar. Kong Ragnar Sigurdsson av Danemark. Den frægaste kongen i nordlandi. Kvinnor vert tryllte og menner moda, naar han ser paa dei.

Han saag ikkje meg. Men likevel var det som ein heit blodsdrope fór or hjarta og gleid ut igjenom heile min likam. Eg vart glad og varm, men likevel fekk eg skjellte i knéi.

Soleis ser ein konge ut. Og soleis saag eg han i draumar, naar han henta kongsdotteri: sterk og fager som ein konge skal vera. Ljos som ein dag og med skjegg som gneistar i solskine.

Aa kor eg lengtar! Det lògar som eld i aadrarne. — I tolv lange vintrar hev Grima og kallen hennar trælka og truga meg. Men dei raadde ikkje med meg. — Snart rister kongeørnen vengjerne og sprengjer bure. For no er kongen komen, — kong Ragnar av Danemark.

(Vert vis med Grima og Aake som kjem tratlande or løda. Ho gjeng braatt inn i stova.)

Grima.

So du tykkjer det er høveleg tid til aa sova

med' soli stend høgt paa himmelen. Det er ingen ting nyttigare aa ta seg til — her paa tune, maa vita!

AAKE.

Kom i hug at eg hev lege paa sjøen og slapsa i all natt! Eg vart baade trøytt og ende.

GRIMA.

Spør ein vel etter, so laag du ned i nauste og sov, tenkjer eg.

AAKE.

Mi sann var ikkje det lang stundi. Berre med djupaste dimme.

GRIMA.

Høyr der, ja! Og so vil du sova dagen burt attaat. Men eg skal faa deg vaken, eg! (Gjev han ein øyredask.)

AAKE
(gnikar øyra.)

Alltid slær du so hardt, du ditt illske-ting!

GRIMA.

Kor verd det var du ikkje, um eg evla gjeva deg meir! Ber no inn bakstervelderne og rettleid etter desse her-gastarne. Eg likar ikkje det skal liggja soleis som det er dotte folk ut or henderne.

— Og dette harpe-skramle gøymer du av, elder brenn upp, elder gjerer eikorleis ende paa. Eg vil 'kje folk skal furdast paa det og frega korleis me hev fenge fat i det, — det skilar dei ikkje. — Kvikar du deg og fær det gjort, so skal du faa mat naar du er ferdig.

AAKE.

Eg kunde tronga maten *fyrst.* Tarmarne skrik av svolt.

GRIMA.

Lat dei skrika, farr, og lyd du etter kven som svarar! — Du veit det gjeng etter som *eg* hev sagt.

(Ho vil gaa inn, men stoggar daa det i det same kjem ein flokk hermenn ifraa vinstre. AAKE dragsar paa troge, men kjem ikkje ut med det.)

GRIMA.

Verkeleg vert eg no undri: Sjaa der kjem det kongskarar att! Men dette mun vera eit anna slag. Kva tru desse kan vilja?

AAKE.

Dei skulde vel aldri ha vêra eitkvart som dei vil ha klo i?

GRIMA.

Trøyste oss daa! Men agta no berre tunga di!

AAKE.

Eg? — Eg skal 'kje letta munnen upp!

(GAUTE jarl og fleire hovdingar med fylgje kjem ifraa vinstre. Steinner like imot AAKE.)

GAUTE.

Frøy fagne tune ditt, frende! Er du bonden her paa garden?

AAKE

(ser undren paa han.)

Hæ? — (Vert sidan standande med henderne paa ryggen og glana paa dei.)

GRIMA

(imot dei, blid.)

Han er tunghøyrd, so det nyttar lite aa tala til den stakaren. Elles er han mannen paa garden ja, og eg er kona hans.

GAUTE.

Me er sendemenn ifraa kong Ragnar Sigurdsson av Danemark. Han ligg med mange herskip her ned under land.

GRIMA.

Dette høyrer eg, at det skal vera kome so mange skip. Er einkvar av dykk kongen sjølv kan henda?

GAUTE.

Nei, me kjem berre med helsing og bod ifraa han.

GRIMA.

Det var rett ei uventa æra det, maa eg segja!

GAUTE.

Han hadde sendt ein hermann og tvo matsveinar i land — —

GRIMA
(slær henderne i hop yver magen.)

Er dei ikkje komne til rettes? Men her ifraa gjekk dei, og braude hadde dei med seg, — det er so sant som her eg stend!

GAUTE.

Visst er dei komne. Men braude hadde dei brent, so det var ikkje étande, og so orsakar dei seg med at dotter di er skuld i det.

GRIMA.

Dotter mi? — Daa lyt eg segja at det var ein vesall takk ho fekk fyr hjelpi.

GAUTE.

Ho var so fager, segjer dei, at dei kunde ikkje faa augo ifraa henne. Og soleis kom dei til aa brenna braude. Dette vilde ikkje kongen tru, og sa dei skulde hengjast.

GRIMA.

Mi sann var dei verde aa ha det fyr umaken, ulikjends-tye!

GAUTE.

Men i det same kjem det andre som hev raaka henne ute i marki. Dei segjer at hine hev rett: Dotteri her i tune var so fager at dronning Tora hadde ikkje vore fagrare. Daa vart vaar herre kongen so vill, at han svor ved alle æser og aasynjor at var det ikkje sant, skulde dei dingla under raanokken alle i hop fyrr sol var gladd. Og so sende han oss hit, at me skulde døma i saki. — Men skal me det gjera, lyt me faa sjaa dotter di.

GRIMA.

Det skal verta raad til dess. (Burtaat døri og ropar inn:) Kraaka! — her er kongsmenn og vil sjaa paa deg.

(KRAAKA kjem bljug ut paa tune. Mennerne steller seg i rad paa kvar sida og helsar henne. — Togn.)

GAUTE.

Orsaka oss. Me er sendemenn fraa kong Ragnar Sigurdsson. Det er kome han det ord fyre øyra, at du er den fagraste møy som menn hev set her i nordlandi. No vilde han me skulde døma um dette var so.

KRAAKA

(byrg.)

Helsa kongen dykkar at han syner liten vyrdnad fyr ei kvinna, naar han skikkar hermenn til aa glana paa henne.

GAUTE.

Du tek i mist, frægdarmøy! Kong Ragnar hev sendt sine gjævaste hovdingar. Meir kunde ikkje ei kongsdotter krevja.

KRAAKA

Daa kan de helsa kong Ragnar at rett han valde sendemenn naar han skikka hovdingar til Spangareide!

GAUTE

(bøygjer seg.)

Dine ord skal me bera fram.

(Hovdingarne bøygjer seg og gjeng byrge ut til vinstre; fylgje etter. AAKE og GRIMA ser etter dei. KRAAKA vert standande som naar tankarne er langt burte.)

GRIMA

(burt imot KRAAKA.)

Kan du koma deg inn med kongen, vil eg segja at du hev ikkje stellt deg so reint tossut. Kom du i kongs-gard, fall det sagta eitkvart av til oss med, som næraste folke ditt er.

KRAAKA

(mæler henne haadleg med augo og gjeng utan eit ord inn i stova.)

GRIMA

(arg.)

Vert berre ikkje so byrg at du brotnar! Kongen er 'kje endaa komen, morr! (Burt i eldhuse. Kjem straks ut att med eitkvart i stakkefalden og gjeng inn i stova.)

AAKE sviv paa tune, skubbar seg og kjenner paa magen. Stoggar og ser rett fram imot aaskodarplassen.)

AAKE.

Verre kjerring skal det vel leitast etter: Ho unner meg ikkje eingong maten! Hadde eg havt mannskapen, vilde ikkje øksekjeften vore henne for god.

(Han dragsar deigtroge inn. Kjem so ut att og vil henta harpa, men med same han tek i henne, ramlar ho ned; han kvepp og dett aa ende.)

AAKE.

Trolle, eg trur ho liver!

(Ein høyrer nokre akkorder av harpeslaatten i fyrste bolken. AAKE èk seg snøgt lenger ifraa harpa, grev seg paa føter og vil inn. Men i det same kjem)

GRIMA.

Kva er det som bilar deg svimling? Ser du skrymt midt paa ljose dagen?

AAKE

(tvintar att ende, peikar paa harpa.)

Ho spelar! Syne meg, høyrde eg det likso skileg som den kvelden du veit.

GRIMA

Kalvehjarta! Gakk no inn og faa deg mat, so skal eg sjølv faa dette skramle or vegen. (AAKE inn i stova, GRIMA burtaat harpa.) — Eg hev lingsa deg ein gong du var tyngre en no!

(Ho dragsar av med harpa um stovehyrna. Kjem att um ei stund og vert daa standande og skoda imot vinstre.)

GRIMA

(slær seg paa laare.)

Var det ikkje det eg tenkte! (Held paa mjødmi og skundar seg fram til stovedøri.) Kraaka, Kraaka! — no kjem dei att. (KRAAKA syner seg.) — Tak no sjølv imot dei og legg ordi dine so fyndigt at du er kongsfrilla i morgon. (Inn.)

KRAAKA.

Høgare stiler den storætta en aa vera frille-viv!

(Hovdingarne kjem med stort fylgje fram millom knattarne og gjeng til tunar der dei stoggar. KRAAKA stig ut, og hovdingarne bøygjer seg vyrdsamt fyr henne. AAKE og GRIMA stend i døri og bisnar.)

GAUTE

(stig fram-um dei andre.)

Kong Ragnar Sigurdsson av Danemark sender helsing til Spangareid-dotteri og stemner deg til møte i morgon. Naar soli stend midt yver aasen i aust, ventar han deg paa vollen i nord fyr nauste. Men merk deg fyresegni du lyt fylgja: Ikkje naki, men ei helder klædd vil kon-

gen sjaa deg. Ikkje fastande, men ei helder mett skal du til møte koma. Aaleine maa du ikkje vera, men ei helder ha fylgjesvein.

KRAAKA.

Vande er vilkòri, hovding.

GAUTE.

Mitt ærend var aa bera fram kongen sine ord, og soleis fall dei. (Han bøygjer seg og tek eit stig att ende, so han kjem i breidd med dei andre hovdingarne.)

(Alle hovdingarne bøygjer seg og gjeng byrge gjenom fylgje som opnar seg fyr dei. Naar dei er komne igjenom, dreg fylgje seg saman og hankar etter. Sume hermenn snur seg og ser att ende.

Togn, til dei er or syne.)

KRAAKA

(i tankar.)

Ikkje naki, ei helder klædd. Ikkje fastande, ei helder mett. Ikkje vera aaleine, og ei helder ha fylgjesvein?

GRIMA.

Meir en treisk maatte den vera som skulde gita ei slik gaata!

— Duken ned. —

Tridje bolken.

(Strandvoll. Lyng- og eineklædde knattar i kring, med ei krak-fura her og der. Skogklædde aasar attum. — Blankt solskin.

Aake kjem fram or knattarne til høgre. Han hev kipa paa ryggen og ein garnvase paa armen. Stoggar og glanar paa himmelen. Slengjer so kipa paa marki og hukar seg nedpaa henne.)

Aake.

Mi sann er det vorte ein heil draatt i han! Og han grælar ikkje lite paa sjøen longe. So verkeleg kan han verta hard nog aa slita i — fyr den som lite vinn. (Rækjer og sputtar.) Kunde eg endaa fenge fat i Kraaka, so hadde ho ikkje vore for god til aa vera utpaa med. Men den tytta er ikkje aa finna, utan ho sjølv vil. — No er det berre ideleg dette rekar-tye paa skipi som gjeng henne i hovude. Ungen er i den alder, maa vita. Eg kjem i hug korleis forgjord Grima var etter karfolk. (Ser seg i kring.) Og naar ho ingen andre fekk, so braut ho seg innpaa meg min

kryp. — Det var litt aa gaa heim til. Men eit tregelegt varp gjorde eg.

(Tek næverhatten av og klær seg i hovude. Tagall eit bil, med han stirer framfyr seg.)

Visste eg endaa kvar trolle hev gjort av gulle. Men det nyttar korkje telja elder truga. Og slaa henne i hel torer eg ikkje helder, for daa kom det aldri fyr dagen kvar ho hev gøymt det. (Upp.)

Sjaa der, du! — det tek til aa bu seg til reis no, rekar-tye. — Dei fær fine børi, so det er ventande det ja.

Det kan 'kje meg nytta aa freista utpaa sjøen i dag. Men so hev eg tiderne til aa kvila meg ein grand burti nauste.

(Han tek kipa paa ryggen, og gjeng til høgre.

Hauk hermann og matsveinarne Kalv og Brand kjem fram millom knattarne til høgre [lengst framme]. Matsveinarne ber kvar tvo flaadde smaleskrottar, — Brand ein under kvar arm, Kalv ein paa oksli og ein under armen. Naar dei kjem midt paa vollen, slengjer Kalv skrottarne paa marki.)

Hauk.

Kva er det som bilar deg?

Kalv.

Eg lyt kvila. (Turkar sveiten med ermi.)

Brand.

Det er 'kje ventande at ein kalv kan bera tvo vêrer, um dei er baade flaadde og avhovda.

KALV.

Men so kan vel ein brand bera fire?

BRAND.

Det kunde han, dersom han vilde. (Ut til vinstre.)

HAUK.

Statt ikkje der, Kalv! Snart kan kongen koma.

KALV

(lær.)

Vel er han braa, men han gjev seg ikkje til aa leita etter matsveinarne sine.

HAUK.

Nei, men det er *her* han skal ha stemne med Spangareid-dotteri.

KALV

(ser seg i kring.)

Med Kraaka?

HAUK.

Ja visst.

KALV.

Gjev han sende meg i staden! Eg vilde helder ganta med kvendi en fara paa bygdi og stela vêrer. Det kunde vore lystelegt aa ha Kraaka fyr seg aaleine, Hauk kvende-klegg!

HAUK.

Agta munnen din um kongs-frilla!

KALV.

Ho hadde gjerne ikkje vore so kaut imot meg i dag som ho var imot deg i gaar.

HAUK

(lyfter øksi og høgg etter han, men KALV spring til leds.)

KALV.

Sulka ikkje brudrevollen med kalveblod, Hauk ill-tott! (Lær.) Eg skal bera øksi, dersom du vil ta vêra-skrottarne.

HAUK.

Du freistar meg so lenge til eg gjerer ei ulukka paa deg!

KALV.

Kven skulde daa hytta skinne ditt, Hauk øl-skjegg, næste gong du stal kongs-mjød? — Det er likare du held deg til vens med meg, — so skal me tvo ha oss ein god torstedrykk med' Ragnar Lodbrok er paa Kraake-ting. Etter smale-jag smakar kongs-mjød betre en kvende-kyss.

HAUK

(blid,)

Rett gjerer han so! — Men du: Dette Noreg — det er eit skarve land! Stygt og stengt paa

alle kantar. Ein kan 'kje eingong skræva skikkeleg, um ein hadde hug til det. Nei i Danemark — der er det i minsto flatt og romlegt nog!

KALV.

Og so Engelland du!

HAUK.

Ja, dit er det me no skal. Berre det vart god bør, og kong Lodbrok ikkje hefte seg med dette bondekvende!

KALV.

Men ho er fager, denne Kraaka, so ho kunde gjerne vera ei kongs-dotter.

HAUK.

Lat ho vera fager! Men ein konge skal ikkje mengja seg med bonden.

KALV.

Aa, til frille-viv og i viking treng ein ikkje fara etter det som er høg-ætta.

HAUK.

Sant nog, Kalv. Men me kan 'kje standa her soleis, naar kongen kjem. Lat oss rusla.

(KALV tek kjøtskrottarne upp, og dei gjeng.
— Tomt tile. —
So kjem kongen med stort fylgje [fraa vinstre].

Fyrst gjeng lurblaasarar og merkjesmenn. Eine merkje er ein kvit duk med tri raude ormar i; det andre er raudt med kvit hjortekruna i. — So kjem kongen jamsides med Gaute jarl. Etterpaa andre hovdingar og til slutt hermenn som alle er vel væpna. — Kongen er ein tettbygd, medels høg kar, ljosleitt. Sers aalvorsam. Han hev sverd ved sida og spjot i handi.)

GAUTE.

Herre konge! Her er vollen som vart nemnd til møtestad.

RAGNAR

(stoggar og ser i kring.)

Sol yver land og hav. Her er fagert, men so undarleg stengt og stillt. (Vender seg braatt.) Agta paa soli: Naar ho er midt yver aasen, segjer du meg til.

GAUTE.

Det skal eg, herre konge. Men Kraaka hi fagre kjem i rette tid.

RAGNAR.

Du meiner ho kan fylgja det krav eg sette til aa røyna hennar vitsemd?

GAUTE.

Det meiner eg, herre. Endaa eg veit ikkje korleis du hev tenkt deg det skal gjerast. Naar eit fagert kvende er født med vit, so er det sløgare en anna livande i heimen.

RAGNAR.

Der sa du eit visdoms ord, Gaute jarl! Men det skal syna seg at inkje kvende kjem upp imot Tora Borgarhjort anten i fagerleik elder vitsemd.

GAUTE.

Jau Kraaka hi fagre, herre konge!

RAGNAR.

Mang ei møy hev eg møtt, og alle var dei elskhugsvarme. Men aldri dei aatte eit vitugt ord, og aldri dei gita ei nylagd gaata, med minre dei stal meg løyndarorde av lippa i ei veik stund.

GAUTE.

Større røynsla hev du, herre, i kvendevegen en me. Men likevel skal du maatta sanna vaar dom, at aldri saag mann ei fagrare møy, aldri lyste vitsemd or klaarare augo, og aldri høyrde manns-øyro byrgare ord av kvendemunn.

RAGNAR

(speande.)

Tungerapp vart du no, Gaute! Her etter dags skal du heita den maalhæve.

GAUTE.

Takk, herre konge! Med det kjennings-namne er eg vel nøgd.

RAGNAR

(myrk.)

Men eit hovud stuttare vert du, um du hev teke munnen for full. — Alle mine menn hev svore seg i hop um aa ula meg i øyro um dette kvende. Hovdingarne nemner henne med ei vyrdsemd som ho var Frøya sjølv. Er ho ei galdremøy som hev sunge dykk galne? Og eg kong Ragnar Sigurdsson av Danemark, eg er gjengen til stemne med ei træle-møy som lyder namne Kraaka! Slike runor er det lagt i min veg, endaa eg hev svore ved mitt saare minne um den fagre Tora at eg vilde ikkje ofra elskhug ein tanke, fyrr eg møtte ei møy likso fager og høg-ætta som ho. — Men det sver eg no ved den einøygde, at hev mine hovdingar lagt sovorne raad upp at eg vert til laatt og løgje fyr dette træl-kvende si skuld, so tek eg ei hemn som skal spyrjast so lenge mi soga liver!

GAUTE.

Stagga harmen din, herre. Illvilje er lett aa ala men vand aa øyda. — Det sømer seg ikkje ein konge aa kjæla fyr saare hugsviv. Fram skal ein hovding sjaa, ikkje att ende.

RAGNAR.

Sanne ord talar du, Gaute jarl. Men eg er 'kje so kald endaa at visdom kan varma meg. Tora Borgarhjort gløymer eg aldri. (Drøymande.) Minnast lyt eg hennar fagre andlit, naar det lyste millom høg-ætta kvende i kongshall. Alle augo drog ho til seg. Manns vilje vart som vaks millom varme fingrar, naar ho smilte imot deg. Bøygja kunde ho den byrgaste med milde barne-ord og til storverk eggja den verste stakar. Høg var ho i harme, heit i elskhug, men alltid var hennar hjarta reint. — Fager, fager var du Tora!

GAUTE.

Mannen heidrar ikkje hauglagt viv med hugsott, herre konge. Og den som elskar daad, han nyttar dagen til anna en daarskap. — Det veit me alle at Tora var eit fagert viv. Men snart vil du møta eit fagrare. Daa skal hugsotti kverva som dogg fyr sol. — Sjaa upp, Ragnar Sigurdsson, og døm um dine menn kan staa ved sine ord!

(KRAAKA kjem ifraa høgre. Den nakne likamen løynest i det fagre svære haare, og ho hev sveipt eit fiskegarn kring seg; andlit og armar er berre. Ho leider ein hund i band. — Ho gjeng med bøygt hovud og stoggar eit stykke ifraa kongsfylgje.

Hovdingarne og fylgje dreg seg langt att ende, so kongen vert standande aaleine. Handfallen stirer han paa Kraaka; tek so eit stig fram, slepper spjote og rettar baae hender imot henne. Daa gjeng ho nærare og bøygjer seg djupt.)

RAGNAR.

Ved alle æser og aasynjor! — Kven er du fagre?

KRAAKA.

Bonden og hans kvende nemner meg Kraaka.

RAGNAR

(eit stig fram, med open famn.)

Du er den fagraste møy som manns-auga endaa hev set!

KRAAKA

(dreg seg undan.)

Herre konge! Dine hovdingar stemnde meg til aa møta deg her paa fastsette vilkòr. No er eg komen til aa høyra min dom. Ikkje skulde eg vera naki og ei helder klædd: So greidde eg haare ut til aa skyla meg og sveipte meg i sildegarne.

RAGNAR.

Ikkje er du daa naki, men ei helder klædd.

KRAAKA.

Eg maatte ikkje vera fastande, ei helder mett: So beit eg i ein lauk, men aat han ikkje upp.

RAGNAR.

Ikkje er du daa fastande, men ei helder mett!

KRAAKA.

Eg skulde ikkje vera aaleine, ei helder ha fylgjesvein: So tok eg hunden og leidde med meg.

RAGNAR.

Daa er du ikkje anten aaleine elder hev mannefylgje. — (Smiler.) Sløgt hev du tydt mine ord, Kraaka.

KRAAKA.

Kva vil du meg so, herre konge?

RAGNAR
(tek kaapa av seg.)

Eg vil løyna din fagerleik. (Sveiper kaapa kring henne.) Og so skal du fylgja meg um bord i kongsskipe. Væne klæde og kostesam prydnad skal eg leita fram, og alt du fær hug paa skal vera ditt. I dag er det fest! I kongs-sess skal du sitja, éta av sylvfat og drikka or gullhorn. Mine skaldar skal kveda lov-ord um Kraaka fraa Spangareide.

KRAAKA.

Det vart for stor ei æra fyr bondedotteri.

RAGNAR.

Hev Leire-kongen elskhug til ei møy, so spør ingen um ætt og elde! Alle mine menn

skyldar den kvinna vyrdnad som deira konge valde.

KRAAKA.

Men du sjølv, herre konge?

RAGNAR.

Eg sjølv?

KRAAKA.

Viser ikkje du henne vyrdnad?

RAGNAR.

Vyrdnad og varsemd. Vyrk skal eg vakta paa ditt minste teikn. Várt skal mitt øyra vera og vyrdsame ordi falla. Som ei dronning skal du faa det hjaa Ragnar Sigurdsson.

KRAAKA.

Som ei dronning?

RAGNAR.

Ja det sver eg ved Frøya! (Triv handi hennar.) No gjeng me um bord. Heile dagen skal me vera sida um sida. Og naar sol er gladd, skal du sitja tett attmed meg under konge-tjeld paa mjuke dyreskinn. Kinn ved kinn skal me kviskra kjælne ord og frygda oss i vaar elskhug, Kraaka. Men utanfyre skal harpor leika og laata til den ljose dag.

KRAAKA.

Og so skikkar du meg i land, kong Ragnar?

RAGNAR.

Daa skikkar eg deg i land, um so du lyster. Hovdingar og hermenn skal fylgja deg, og kongelege gaavor skal dei ha med til deg og folke ditt.

KRAAKA
(slengjer kaapa av seg, harm.)

Vesall vyrdnad syner du den kvinna du vil kaupa fyr gull og væne klæde til aa metta din loste. Verjelaus er eg i ditt vald. Du kan rana mi æra elder taka mitt liv. Men aldri, aldri skal nokon mann — han vere konge elder træl — kunna kyta av at Kraaka var han god fyr skjenk elder gaava.

RAGNAR.

Byrg er du, braafagre! Men no skal du vita, Kraaka, at eg vilde røyna um du var so hug-stor som du var fager og sløg. Og røyndomen stod du med æra.

KRAAKA.

Lat meg gaa, herre!

RAGNAR.

Vil du gaa ifraa den som elskar deg? (Gjerer knéfall.) Kraaka, du hugstore kvende! — vil du

vera mitt viv? Skifta mi sæla og mi sut? Fylgja meg i frygd og i feigd? Vera dronning i Danemark?

KRAAKA.

Leire-kongen burde vita betre tidar-trøyt en aa driva ap med ei ungmøy.

RAGNAR.

Kvass-mynt og illtenkt er du imot den som elskar deg høgre en si kongs-æra og sitt kongenamn!

KRAAKA.

Orsaka meg! Eg lærde ikkje smeiken tale og snilde ordstev av rev og rovdyr som vilde tyna det ungfée eg gjætte fyr Aake bonde.

RAGNAR.

Braa er eg i vondt som i godt, men korkje rev elder anna rovdyr. Eg elskar deg Kraaka. Elskar ditt fagre aasyn, di skire hud og ditt mjuke hold. Elskar dine fine fingrar, dine nette føter og den gyllte haarflaumen som dulramt løyner din yndefulle skapnad, som sjølve Frøya kunde ovunda deg. Eg elskar di hugstore sjæl som hyser so myki vitsemd at aldri eg fann henne større hjaa nokor kvinna.

KRAAKA.

Smeikja kan du, Ragnar Sigurdsson! Det høyrest at Leire-kongen hev kvende-røynsla.

RAGNAR.

Kvendekjær hev eg vore, og mang ei møy var tidt meg god. Men aldri var min hug so heil som han no er til deg. Og aldri brann elskhugen so heit i mine aadrar som etter eg møtte Kraaka fraa Spangareide.

KRAAKA.

Naar di heite traa var stetta, vilde elskhugen slokna. Det som høgast logar, det stuttast brenn.

RAGNAR.

Aldri, aldri! Di meir min elskhug naadde, di meir han nørdest. Kvar dag vilde du vera meg ny.

KRAAKA.

Men Kraaka fraa Spangareide er fostra i trælekòr: Kvar høg-ætta kvinna du saag, vilde synast deg hævare en ho.

RAGNAR.

Ingi kvinna i heimen er som Kraaka. Daa er ho meir en høg-ætta: ho er den einaste.

KRAAKA
(tek henderne hans og dreg han upp.)

Store var mine draumar naar eg gjekk einsam i skogen: Eg raadde so vide som eg saag. Men større vart dei naar eg sat i aasen og auga gleid ut yver have. Segl saag eg, store og smaae, som kom fram elder kvarv burt. Daa drøymde eg um ein konge. Høg og herleg stod han i lyftingen paa skipe sitt og saag med sterke, tirande augo fram imot himmelsyne, der ei veik strima skilde millom himmel og hav. Til storverk var han etla, og til siger han reiste. Kvar han kom, lagde han lande under seg, og snart raadde han eit rike som rakk yver alle nordlandi.

RAGNAR.

Kva namn hadde den kongen din?

KRAAKA.

Daa var han namnlaus, men no veit eg at han heiter Ragnar Sigurdsson.

RAGNAR
(dreg henne aat seg og slær armarne kring henne.)
Du vil vera mi?

KRAAKA.

Det var eg alt fyrr en du visste um meg.

RAGNAR.

Og du vil fylgja meg, du hugstore kvinna?

KRAAKA.

I hugen er eg med deg yver have. Hamlaus stend eg attmed deg naar du i striden gjeng fram til siger.

RAGNAR.

Men ikkje som den livs livande fagre møy eg held her i mine armar?

KRAAKA.

Nei.

RAGNAR.

Nei? — Korleis kan du valda meg slik ein harm?

KRAAKA.

Du lyt ha din røyndom du med, Ragnar Sigurdsson. Dersom din elskhug varer, og du hev same huglynde naar du kjem att ifraa Engelland, daa kan du henta di festarmøy. Fegi skal eg daa fylgja deg, um det so var til heimsens ende.

RAGNAR

(held henne ut ifraa seg.)

Høgre er det under din himmel en min. (Sterkt:) Ja, so skal det vera! Din vilje er min lov. (Tek kaapa upp og slær um henne. Veik:) Men lang vil ventetidi verta.

KRAAKA.

I daad vert dagarne stutte. Verre er det fyr eit kvende.

RAGNAR.

Du skal i draumar dikta din elskar stor.

KRAAKA.

I draumarne kan han ikkje verta større en han longe er. Men eg vil senda deg helsingar med vinden som veiftar buskarne og gjev skipi bør. Fuglarne skal fljuga yver have og helsa deg heppa med din heider.

RAGNAR.

Alt som er fagert skal minna meg um mi festarmøy. (Vittar til hovdingarne. Dei kjem fram og steller seg i halvring um kongen og Kraaka.)

Gjæve mine hovdingar! Her ser de mi festarmøy, og de skal vera mine vitne at det *er* ho!

HOVDINGARNE.

Heil deg, kong Ragnar si festarmøy!

RAGNAR.

Og de skal vita min vilje, at naar Engellands-ferdi er ende, skal Kraaka fraa Spangareide fylgja meg til Leire. Ho skal vera mitt viv og

dronning av Danemark, soleis som Tora Borgarhjort var det.

HOVDINGARNE.

Heil vere ho som vert dronning i Leire!

RAGNAR.

Men um min lagnad vert den, at eg ikkje kan halda min heilage lovnad, daa skal dei hovdingar som er i live, føra mi festarmøy til Danemark, um so ho synest. Det skal galda som ho hadde vore mi rette og einaste husfrøya. Dette er min vilje. Det skal de vitna, og gjera som eg hev sagt.

HOVDINGARNE

(bøygjer seg.)

Det lovar me alle, herre konge!

RAGNAR.

Og no til skipi. Lat lurarne laata og kalla alle mann til svars. No vaknar vinden, og me fær bør. Me sigler i denne stund.

(Hovdingar og hermenn fort ut til vinstre. Kongen og Kraaka stend hand i hand og ser til.)

RAGNAR.

Undarlegt er det aa skiljast fraa den ein hev huglagt.

KRAAKA.

Visst er det so. Men heider ventar deg, Ragnar, og vinden aukar: No er det bør til Engelland.

RAGNAR.

Live vel, mitt viv!

KRAAKA.

Lukka til ferdi, Ragnar Sigurdsson!

(Ragnar imot vinstre. Kraaka inn yver vollen. Han vender seg og slær ut med handi. Ut. — Kraaka ut til høgre.

Tomt tile. — Ein høyrer lurblaaster.

Aake helder fort inn ifraa høgre [lengst framme]; berrhovda og utan kipa.)

AAKE.

Rakkars-tye, desse her-gastarne! Eg veit daa ikkje kva dei tutar etter! — Det skal ikkje vera fred aa faa til aa sova, i nauste helder no. Mi sann kunde dei ha seg ifraa land med minre oll-ster, tykkjer eg! (Sputtar, og gjeng ut att, same vegen han kom inn.

(Tomt tile. — So kjem Kraaka fram upp i høgste knatten til vinstre. Ho hev ikkje lenger garne kring seg, men berre kongs-kaapa laus yver herdarne. Ho ser ut etter skipi.)

KRAAKA.

Der svingar kongsskipe fram i brodden fyr dei andre. — Høg og herleg stend Ragnar Sigurdsson i lyftingen. Kor hjelmen glinsar i solskine!

Nei so fager var du aldri i mine draumar, som no du er!

(Ho stirer tagall eit bil. Lettar so hovude og ser høgre.)

Der sigler ei ørn. Sterke vengjor hev ho, og lett fløyter ho seg.

(Retter armarne ut, og kaapa fell.)

Aatte eg vengjorne dine!

(Ropar:) Aat hugen min
laan hamen din:
ei festarmøy fylgja
vil festarmann sin!

— Duken fort ned. —

Fjorde bolken.

(I stova paa Spangareide. Alt nokorlunde som i fyrste bolken. — Natt. Grima og Aake i sengi.)

Grima

(lettar seg upp, nuggar i Aake.)

No lyt du upp!

Aake

(svevntung.)

Nah — lat meg vera!

Grima

(rister i han.)

Du lyt upp, høyrer du! Det er snart ljose dagen.

Aake

(upp, skudrar seg og geispar.)

Det er 'kje dag paa lenge endaa. Kva *skal* eg uppe?

Grima.

Nei hev du ingen ting aa onna med, so berre legg deg att, din leting!

(Aake geispar og legg seg. Grima vert sitjande.)

AAKE.

Legg deg, du med.

GRIMA.

Eg fær 'kje sova. Kraaka hev stillt seg ut og inn fleire vendor, so eg skynar ikkje kva ho stjornar med.

AAKE
(upp att, rædd.)

Ho skulde vel ikkje — — Hev du ikkje tala til henne?

GRIMA.

Visst hev eg so. Men du veit kva det plar nytta. Ho vyrd ikkje meg eit ord lenger.

AAKE.

Du hev fare for veikt med henne.

GRIMA.

Ja der sa du eit sant ord. Korleis hev eg ikkje kava med den ungen frametter aari! Men utòtten fekk eg ikkje or henne.

AAKE.

Hadde me skilt oss med henne straks, so laag me 'kje her og ottast kva ho kan taka seg til.

GRIMA.

Aa du hev 'kje vondt av otten, tykkjer eg. Du søv som ein stein kvar natt.

AAKE.

Var eg ikkje so trøytt, fekk eg aldri blund paa augo.

GRIMA.

Du gøymde vel øksi, fyrr du la' deg?

AAKE.

Gløymsken kan eg rett ofte vera, men *det* haattar eg daa alltid.

GRIMA.

Eg trur det er den ho leitar etter.

AAKE.

Ho finn henne ikkje. Og hand-øksi hev eg her i sengi.

GRIMA.

Me kan vera nokorlunde trygge daa.
(Legg seg att. — Togn.)

AAKE.

Trur du at ho — æ — veit um gulle?

GRIMA.

Gulle? Kva slag gull? Hev me noko gull?

AAKE.

Ne-hei. Men det du veit? — Det skulde ikkje vera det ho ransakar etter?

GRIMA.

Lat ho ransaka! Ho fær 'kje vera braa, vil ho leita det fram.

AAKE.

Men kvar hev du gjort av det?

GRIMA.

Det skil deg ikkje!

AAKE.

Um det gjorde seg minre til en me hadde tenkt, so var det daa ikkje so reint inkjevetta helder.

GRIMA.

No tegjer du!

AAKE.

Eg er 'kje rædd deg so lenge eg hev øksi aa triva til.

GRIMA.

Du talar so stygt at det er 'kje rim i det — nattartider. No skal me sova og ikkje tratla.

AAKE.

Sova? Ja no kan eg sova, naar du hev sett skjelten i meg!

GRIMA.

Kva er det du er rædd?

AAKE.

Eg tykkjer det er mange ting ein kan ottast fyr — her i huse. Det fall mest som du ikkje var trygg du helder.

GRIMA.

Teg no! — so eg kan freista blunda.

AAKE.

Ja *du* vil ha fred, men du unner ikkje *meg* han — anten natt elder dag.

GRIMA

(rasande upp, rister han.)

No *er* du so *god* du tegjer, elder so *skal* eg soleis skinn-rista deg at skjelten skal gje' seg.

AAKE.

Hav vit, hav vit! — Høyrer du ikkje eg tegjer?

(Ho slepper han, og dei legg seg baae ned. — Togn. — Kraaka inn utgangsdøri og sèt ope etter seg. I handi hev ho ein kjepp og ein togstubbe. Ho opnar ljoren, nører upp vermen paa aaren og legg véd paa. Det logar snart sterkt upp.)

GRIMA.

Kva er det *du* tek deg til?

KRAAKA.

Eg vil lysa ein grand upp i dette myrkre.

GRIMA.

Gakk stad og legg deg, og far ikkje her ut og inn som eit skrymt i dørerne. Me vil sova.

KRAAKA.

Det vert ikkje meir svevn paa Spangareide denne natti. (Fram' paa golve, so ho stend midt imillom aaren og sengi.) Ljost skal det vera naar eg tek avskil med deg fostermor.

GRIMA
(sèt seg upp.)

Gjeng du i heilorom og talar yver deg? Elder kva meiner du?

KRAAKA.

I natt skal det haldast dom yver deg, Grima. Yver deg og den ynkelege kallen din. Vonde er de baae, men du er verst.

GRIMA
(hyttar imot henne.)

Skjeller du far din og mor di, din uliklege unge!

KRAAKA.

Laak var faren, men ringare mori, um du og Aake var foreldri mine! Aldri hev du synt meg morshjarta i nokon ting. Ikkje ifraa fyrste dagen til no. Men so er eg helder ikkje dotter

di. Det kunde eg kjent i mitt eige hjarta og set i dine vonde augo, um eg aldri hadde visst det.

GRIMA.

Du talar yver deg, morr. Gakk ut og legg deg, fyrr du gjerer meg ill!

KRAAKA.

Nei eg talar ikkje yver meg. Og illska di ottast eg ikkje. Det er lenge sidan du sette støkk i meg med den. — Eg veit alt det vonde som er gjort her i huse. Alle dykkar vonde tankar, all dykkar skamlause framferd og alle dykkar fæle gjerningar — alt veit eg.

GRIMA
(rasande.)

Ingen ting veit du, tæv-unge! Vil du eg skal koma fram og tukta deg?

KRAAKA.

Eg tek ikkje imot tukt av eit træl-kvende. Den kjeppen du slo hunden med i gaar, den hev eg her i handi (syner han): Vaagar du deg fram or sengi, fær du av den. Og naar han er utsliten, brukar eg denne tog-tampen (held han ut) som du dengde meg med daa eg var barn, og flengde ryggen min blodut.

GRIMA.

Du vil daa vel aldri leggja hand paa oss?

KRAAKA.

Hemndarstundi er komi. Du tarv ingen ting vera trygg fyr, Grima.

GRIMA

(til Aake.)

Var det mannsferd i deg, so tolde du ikkje dette!

AAKE

(upp, rædd.)

Æ — du — eg —

KRAAKA.

Smyg under aaklæde, so slepp eg sjaa deg, mismenne! Gjest sveik du og drap sovande mann. Det var din manns-daad, du træl aat eit træl-kvende!

AAKE

(haast.)

Du — du lyg!

KRAAKA.

Heime drap du, og du og Grima drog han ut under geithellaren og grov han ned som han hadde vore ein hund. Aldri torde du sidan koma hellaren nær, aldri setja din fot i svali der du

udaaden dreiv. For skuggen hans hev fylgt deg kvar du vanka. Og fylgja deg skal han til di siste stund, Aake. — Og gulle — —

GRIMA
(skrik yver seg.)

Gulle?

AAKE
(upp.)

Ja gulle?

KRAAKA.

Gulle var mitt.

GRIMA
(med ein stygg laatt.)

Men du fekk ikkje klo i det!

KRAAKA.

Det var min arv. Og arven hev eg teke.

AAKE og GRIMA.

Kvar er gulle?

KRAAKA.

Det spursmaale gav Aake so tidt sitt grimme kvende. Men alltid fekk han same svare: Det skil deg ikkje. I min munn høver det betre.

(Aake og Grima styn og sig ned. — Stutt togn.)

Grima.

Ei øla hev me ale til aa éta oss hjarta or live!

Kraaka.

Der sa du eit sannare ord en du sjølv veit. Den einaste ting de bar elsk til, var det gulle som aldri vart dykk til gagn elder gleda. Vakne tratla de um det, i svevne skalv de fyr det, for den eine unnte ikkje hin det.

Grima.

Gulle er mitt! — eg vil ha det!

Aake.

Nei det er mitt! Hev eg gjort like fyr det, so vil eg òg ha det.

Kraaka.

Hemni er søt fyr den som urett leid. Av di eg visste det var det einaste som vilde svida i dykkar vonde hjarta, vilde eg i avskils-stundi ikkje dylja dette um gulle. Naar sol er uppe, sigler eg til Danemark med min festarmann kong Ragnar Sigurdsson. Og mitt ervegull hev eg med. — No kjem mennerne hans og hentar meg.

(Det høyrest dunk i veggen, utedøri gjeng upp, og inn kjem Bjørn Høgskalle, Hauk og tvo hermenn. Hauk ber ein kostesam kvendebunad paa armen.

Bjørn fram imot Kraaka og bøygjer seg med vyrdsemd. Hermennerne stoggar utar med døri.)

BJØRN.

Kong Ragnar Sigurdsson av Danemark sender oss med helsing og bod til si festarmøy, Kraaka hi fagre aa Spangareide. Han er komen her paa heimveg ifraa Engellands-ferdi. Med stor heider og mykje herfang kjem han att og ventar no at du vil fylgja han til Leire, soleis som avtalen var.

KRAAKA.

Eg held min lovnad som han hev halde sin.

BJØRN.

Braahuga er han etter aa møta deg, og børi er god.

KRAAKA.

Ferdig er eg til aa fylgja min festarmann.

BJØRN.

Men min herre kongen bed deg gjera han den hugnad aa klæda deg i den bunad han her sender deg. (Tek kvendebunaden fraa Hauk, gjeng fram og gjev han til henne.) — Det vere mi von at du i ei heppi stund tek bunaden av mi hand!

KRAAKA.

Ingi dronning vilde mismæta ei slik gaava. Meir en gjerne skal han faa sjaa meg i den.

(Tek imot bunaden og gjeng imot kòvedøri. Stoggar og peikar imot sengi.) — Dei tvo gamle er meg ikkje gode. De lyt agta paa dei, at dei ingen ting tek seg til med' eg er burte.

BJØRN.

Me rettar oss i alt etter din vilje.

KRAAKA.

Ikkje maa dei tala seg imillom, og ikkje maa dei fram or sengi.

BJØRN.

Det skal dei ikkje.

(Kraaka ut i kòven.)

Du Aaleiv vaktar dei gamle! (Eine hermannen burtaat sengi og vert standande der.) Meir véd paa aaren, Tjasse! (Andre hermannen legg véd paa vermen.)

(Bjørn vert standande og stira i elden ei stund. — Togn.)

GRIMA

(varlegt.)

Skal me ikkje faa tala i vaart eige hus?

BJØRN

(snur seg, kvast.)

Nei! (Han og Hauk spantar i kring og ser seg um.)

GRIMA

(blidvori, sutrande.)

Eg skulde so plent ha vore ute ein augne-

blink. *Det* vil daa vel ingen neitta eit gamalt kvende?

HAUK

(hyttar til henne.)

Du tegjer, elles fær du ei torva i truten!

(Togn.)

BJØRN.

At so fager ei møy kan vera fostra i slike kòr, det tykkjest meg ei gaata. — Um ho hadde kongsblod i aadrarne, kunde ho ikkje bera seg byrgare.

HAUK.

Tora Borgarhjort var fager ho med, men denne er ein god mun fagrare.

BJØRN.

Kven hev anna sagt? Og ei undarleg heppa hev fylgt oss, sidan kong Ragnar feste henne.

HAUK.

Ja, strykande bør hadde me til Engelland, siger fekk me i kvar ein strid, og mannefalle var minre paa vaar sida en nokor tid fyrr.

BJØRN.

Ikkje hev me slite ilt paa heimferdi helder. Dagen var ikkje fyrr fastsett, so hadde me børi.

HAUK.

Og no vert det vel ikkje mange døgri til me er i Leire att?

BJØRN..

Eg skulde mest tru me greider det paa tvo. Elder i høgdi tri. Vil segja: med den bør me no hev.

EIN HERMANN
(fort inn.)

Kongen kjem med stort fylgje. (Ut.)

BJØRN.

Braa hev Ragnar Sigurdsson alltid vore, og han er det nog ikkje minre i natt. — Meir véd paa aaren, Tjasse! Ljost maa her vera naar kongen kjem.

(Hersveinen fær vermen til aa lòga sterkt upp.

Kraaka kjem fram i kòvedøri. Ho er no klædd i ein kostesam gullstika bunad; haare vell ned yver ryggen.

Bjørn og Hauk steller seg jamsides framfyr langbenken; hersveinarne paa kvar sida av døri. — Sidan kjem det fleire herfolk inn og steller seg paa høgre sida.

So kjem kongen og Gaute jarl. — Ragnar gjeng like imot Kraaka, tek baae henderne hennar og fører henne fram.)

RAGNAR.

Fagre mi festarmøy! Heil og sæl vere du, min dyre eignalut! (Slær armen um henne.)

KRAAKA
(legg hovude attaat bringa hans og ser han upp i andlite.)

So du gløymde ikkje den einslege fuglen som

flaksa millom turre greiner! Du stod din røyndom og var din lovnad tru, Ragnar Sigurdsson.

RAGNAR.

Lett er det aa halda den lovnad som i hugen leikar baade dag og natt. Langt er det yver have til Engelland, men kvar dag naadde meg dine helsingar. Naar eg gjekk fram i striden, so visste eg at det var fyr mitt fagre viv eg skulde kjempa, og falla laut fienden — elder fly. Til siger du sende meg. Med heider og herfang kjem eg att.

KRAAKA.

Og sæl gjorde du den som elskar deg! (Kjæler seg upp til han.) — Takk fyr den kongelege gaava du sende meg!

RAGNAR

(held henne ut ifraa seg, ser smilande paa henne.)

Kor vel bunaden høvde deg, Kraaka!

KRAAKA

(smiler fegi.)

Trælebunad høvde ille fyr eit kongs-viv. Syner det no at eg er fostra til træl-kvende?

RAGNAR.

Nei det tarv du ikkje ottast. Og den ting vil me aldri korkje tala um elder tenkja paa. Elskhug fregar ikkje etter ætt og elde.

KRAAKA.

Den stund kunde likevel koma, daa det sveiv deg i hugen at ditt viv var av træle-ætt. Di fyr skal du no vita det, Ragnar, at det er ingi træledotter du vil føra heim til Leire og gjera til dronning i Danemark. Mi ætt er til fullnads jamgod med di: Brynhild Budlesdotter var mi mor og Sigurd Faavnesbane min far.

RAGNAR.

Høg-ætta er du daa, mitt viv, og fagert og gjævt hev du aa likjast paa!

KRAAKA.

Du skal ikkje lenger nemna meg Kraaka, men *Aaslaug*. Aaslaug Sigurdsdotter er mitt rette namn. Hjaa kong Heime i Lymsdale er eg fødd, og der vart eg fostra med' eg var liti.

RAGNAR.

Men korleis gjekk det til, at du sidan voks upp i trælekòr?

AASLAUG.

Gjukungarne stod meg etter live. Daa var det min fosterfar gjorde ei harpa med eit songhus so stort at han kunde løyna meg i det. Som stavkar og harpespelar vandra han gjenom skogar og øydemarkjer, ifraa land til land. Der

han visste seg trygg, opna han harpa og lét meg leika i solskine, elder han lauga meg i aa elder bekk. Vyrk var han fyr meg, og vel han vyrdsla og varna meg. Og greida fekk eg paa alle ting som eit barn kunde skyna: Han fortalde um far og mor og mi gjæve ætt, og dei som vilde meg ille.

RAGNAR.

Og so kom de hit?

AASLAUG.

Ja, so kom me til Spangareide. Den vonde Grima vart so freista av det gulle ho hadde set glimt av, at ho eggja mannen til aa drepa gjesten deira, med' han sov.

RAGNAR.

Det nidingsverk skal strengt hemnast!

AASLAUG.

Hemni kom med same: Ingi hugnadstund hev dei sidan havt.

RAGNAR.

Men deg Aaslaug? — deg fostra dei?

AASLAUG.

Ja, av di dei var barnlause, lét dei meg liva. Men eit vesalt liv var det: fælt fór dei med meg,

og vondt leid eg paa mange vis. Grima lét meg frjosa og svelta, og eg visste meg aldri trygg fyr liv elder limer. Aldri saag eg eit godt smil som kunde varma mi saare bringa, eldri høyrde eg anna en vondord og stygg tale. Stødt var det illska og uvitug tukt, aldri hegn elder hugnad.

RAGNAR.

Stakar min einslege fugl!

AASLAUG.

Verst var dei lange, vaate vintrarne. Ute var ikkje verande, inne helder ikkje. Sumrarne var alltid betre: Daa fekk eg vanka i skogen med smaafée og hadde ikkje den vonde Grima yver meg.

RAGNAR.

Ublid hev din lagnad vore, Aaslaug. Men det sver eg ved alt som høgt og heilagt er, at — —

AASLAUG.

Ingen ting skal du sverja, kong Ragnar. Kan eg eiga ditt hjarta som du eig mitt, daa er ikkje eidarne turvande. Som ei svart natt hev live mitt vore. No sprett soli, og dagen er nær. Etter draum kjem dagverk, um dikt skal verta sanning.

RAGNAR.

Vis er du, mitt viv. So skal det vera. (Ser upp imot ljoren.) Og ute dagar det med. Børi er god til Danemark, Aaslaug Sigurdsdotter.

AASLAUG.

Det hefter meg berre ein liten ting, so er eg ferdig til aa fylgja min høge husbonde: Ute i kòven hev eg mine erveluter. Dei vilde eg gjerne syna Aake og Grima, at dei kan vita eg gjeng ikkje fatigare or tune en eg kom.

RAGNAR.

Men hemni, Aaslaug? — naar krev du den?

AASLAUG.

Dette høyrer med til hemni. (Gjeng til kòvedøri. lèt upp og peikar inn; til ein av hersveinarne:) Tak meg inn den harpa, hersvein!

(Hersveinen gjeng ut i kòven og kjem med harpa. Aaslaug fram til kongen att. Sveinen sèt harpa der som Aaslaug peikar: burtimot sengi.)

AASLAUG.

Lat upp harpa, hersvein! (Han gjerer so, og gjeng etterpaa til leds. Aake og Grima sèt seg aa ende i sengi og stirer fram med stygge augo. Aaslaug tek ut or harpa den bunaden ho hadde paa i fyrste bolken.) — Sjaa her, Grima! Dreg du kjensl paa denne? Finare var denne bunaden en den du laga meg av trivsor som ikkje lenger

kunde skyla din ufjelge skapnad. (Held barnebunaden inn aat bringa. Eit godt hjarta hadde den som gav meg han, og sæl var eg den tid eg bar han. (Tek upp ein diger gull-armring.) — Sjaa, Grima, og gled ditt hjarta. Denne bar Heime alle dei aar eg kan minnast. Og den hadde han lova meg naar eg vart stor. Han skulde vera mi festargaava til den mann og elska. Til kongen:) Gjæv manns gaava skal gjæv mann bera: den ringen høver til din arm, Ragnar. (Sèt ringen paa armen hans.)

RAGNAR.

Høgt i æra skal eg halda di festar-gaava.

AASLAUG

(til dei gamle.)

Er det her alt, Grima? Saknar du noko, Aake? (Grima og Aake greivlar etter gulle.) — Ver de trygge, det er her alt! Eg kjenner kvar tingen etter den tid dei var leikarne mine.

(Slær lòke att.)

Og no skal ikkje lenger griske-augo spegla min arv. Men som ei glod skal han svida i nidske trælehjarta, so lenge det dulpar. Vonde hev dykkar dagar vore, Grima og Aake. Verre skal dei verta som de hev att. Men verst den siste.

(Gjev kongen handi.)

No, min høge husbonde, hefter meg inkje meir.

RAGNAR.

So gjeng ferdi til Leire! Brudebør hev me, Aaslaug, og fagert fylgje.

(Hand i hand ut. Gaute og Bjørn etter; so dei andre. Hauk og ein hermann tek harpa millom seg og gjeng sist. — Dørerne vert standande opne.

Aake og Grima sit framleides aa ende i sengi. Dei stirer imot døri, utan aa røra seg. — Daa brusar det gjenom huse same harpeslaatten som i fyrste bolken. Det glid som ei ysma fyr dørgape, og ein ser HEIME med hogge i skallen og lyft arm. Ein elding lyser sterkt upp. — Aake og Grima skrik yver seg og gøymer seg under aaklæde.)

— Duken ned. —



Av ***Jens Tvedt*** er fyrr utkome:

Inn i fjordarne. Forteljingar. 1885 (utseld).

Skuggar og sol-glytt. Forteljingar. 1886 (utseld).

Kjærleik. Forteljing. 1887 (utseld).

Nybrot, Forteljing. 1888 (utseld).

Hamna-tjonet. Forteljing. 1889.

Tengill Hovda. Forteljing. 1891.

Vanheppa. Forteljing. 1891 (utseld).

Laurdagskveld til Støls. Spelstykkje. 1892 (ny utgaava 1895),

Godmenne. Forteljing. 1893.

Etterakster. Stubbar. 1893.

Velaug. Boki um elskhug. 1894 (utseld),

Brite-Per. Forteljing. 1895,

Straum-gir. Fyrste fortelnaden um Knut Eik. 1896.

Hamskifte. Andre fortelnaden um Knut Eik. 1897.


Madli und' Apalen. Ei soga. 1900.

Ramnagrø. Forteljing. Andre upplag. 1901.

Djup Jord. Forteljing. Tridje upplag. 1904.

Guds Løn. Forteljing. Andre upplag. 1906.

Haavard Brittanius. Forteljing. 1908.


UNIVERSITY OF ILLINOIS-URBANA
839.82 T89K C001
Kraaka.
3 0112 089030933

